

RU-møte den 12.05.16

Oppmøtte:

Navn	Organisasjon
Sverre Hartveit	Påtroppande RUF
Hans Anders Thorsen Stokkeland	Biologisk Fagutvalg
Roger Han	Påtroppende RUF
Henriette Vågen Aase	Påtroppende RUF
Tora Skarvatun	Påtroppende RUF / Kjemisk fagutvalg
Vegar Heen	Linjeforeningen for Fiskehelse og Havbruksbiologi
Emil Lindfors	Integrerbar
Natalie Johnsen	Fagutvalg for Miljø- og Ressursfag
Ida Landmark Fjermestad	Fadderleder
Jon Asgeir Torsvik	Fagutvalget for integrert lektor-og adjunktutdanning
Tamara Aasebøe Øvrebø	Arrangementansvarlig i Integrerbar
Fredrik Synnevåg Nesse	Gjest
Sondre Vestad	Integrerbar
Hilde Eide Lien	HELIKS
Ellen B. Folgerø	Fakultetstyre
Morsal Saba	Fakultetrepresentat, vara
Jonas Forsmo	Geovitenskaplig Fagutvalg
Gunnhild Ager-Wick	Fagutvalg for Fysikk og Teknologi
Andres Trohjell	Matematisk Fagutvalg
Linn Merethe B Olsen	Fakultetsrepresenat
Elise Gloppen Hunnes	Geofysisk Fagutvalg
Jonatan de Lange Claussen	NANOS
Helge O.T. Bergum	STIM
Marie E Lien	RUF

Andreas Gilje Sjøberg	IB
Didrik Sæther	FU Institutt for Informatikk
Gyrd-Ørjan Sture	Integrerbar

Referent: Stein Skoglund Skåtøy, påtroppende RU

Sak 1: Åpning av møte

Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 3: Orienteringer

-Arealplanlegging på mat-nat

Hangaren forsvinner i desember

Området utanfor Integrerbar vert riven ned og bygd om til lesesal for Geofysikk og geologi

Vert utfordringar med leseplasser

Lesesal på Marineholmen utsatt, men det vert gjort klar i løpet av veke 20

-Arrangementskoordinator

Samarbeid mellom instituttane, samarbeide med industrien. Mogleg samarbeid neste semester. Kan gjere det aktuelt for andre studenter å delta på presentasjonar på andre institutt og skuler.

Studentcruise i samarbeid mellom psykologi og HiB. Inkludere Realfagslinjane. 2 dagars cruise Vert i moglegvis i oktober. 23.05 er informasjonsmøte. Kostnadar uvisst, men nøyaktig informasjon kjem seinare. Om lag 400-500 kr. Einstemmig einig om å vurdere tilbodet.

-Fakultetsstyrerepresentantar

Skal byrja å diskutere budsjett i fakultetstyret. Skal diskuteres i september. Vil ha innspel frå studentane. Skal oppretta ein gruppe for fremragende undervisarar. Ulikt frå

undervisningsprisen. Leiast av Vigdis Vandvik frå bioCEED. ENTEK-bygget:

Prioriteringsområder og diskusjonar vert konkludert 10.06. Konkurrerar mot museer og andre liknande. Bør komme seg høgt på lista.

-RuF 2016/2017

Presentert det nye styret

-Undervisningsprisen 2015/16

Komiteen er satt saman, Maria var ikkje tilstedeverande under møte. Viktig at folk sender inn nominasjonar, stor pris. Viktig pris, masse bra for undervisar og fag. Helst innan i slutten av mai, fristen er offisielt 30.05. Gjes ut i veke 42.

-Tilgang til Realfagbygget

Tilgang til bygget frå fleire sidar, og utvida tilgongstid for studentane.

-Bruktboksalg og lynpresentasjoner

Populært, fullstappa. Måndagen første veka etter fadderveka. Klipping av bokskap. Var aktiv og grundig i fjor

-Svalbardmeldinga

Satt inn masse penger i Svalbard, 200 mill i året. Kun 25% møter opp, staten vil auke det til 50%. Eit bra studiested for MatNatore. Kun 25 øre av pengane går til studentar. Positivt visst det kan reklamerast for. Det kan vera aktuelt for å ha erstatningskurs for tilsvarande kurs som er på UiB.

Sak 4: Valg av ny leder i RealistUtvalget

Velges på dette møtet. 13 av 13 fagutvalg møtte opp. Tora stiller opp som kandidat til ledervervet. Tora blei valgt inn som leiar

Sak 5: Valg av nytt styre i Integrerbar

Bli valgd inn på dette møte. Einstemming for akklamasjon ved ein som stiller, urnevalg visst fleire søker på same posisjon.

Leiar: Emil Lindfors stemt eintallig inn

Driftsleiar: Sondre Vestad blei eintallig stemt inn

Økonomiansvarleg: Gyrd-Ørjan Sture blei eintallig stemt inn

Innkjøpsansvarleg: Andreas Gilje Søberg blei eintallig stemt inn

Kandidater til øvrige styremedlem:

Camilla Engström Skavland

Øystein Follo

Espen Johnsen

Valeria Iversen

Marie Eide Lien

Thea Båtevik

Karolina Grzybowski

Av desse, blei dei 6 følgjande stemt inn:

Camilla Engström Skavland

Øystein Follo

Espen Johnsen

Valeria Iversen

Marie Eide Lien

Thea Båtevik

Sak 6: Lynpresentasjoner

Kvart år. Går så som så til tider. 13 fagutvalg, og eit par linjer i tillegg. Trenger innspel til å kunne forbetre presentasjonane, slik at neste styre kan gjere ein betre jobb.

Moment som blei tatt opp:

Ved at alle har kvar sin presentasjon, vert det mykje repetisjon frå dei ulike utvalga. Mykje av den same informasjonen vert sagt.

Moglegheit for å lage eit opplegg etter presentasjonene, aktivere og engasjere dei lyttande.

Tilby gratismat, som td. pizza

Spørsmålet kvar stor tid kvar presentasjon vil foregå.

Gje eit meir personleg preg

Meir pizza per fagutvalg, for å få mat må studentane bli med utvalga

Vert avertert av Fadderstyret

Får informasjon via digitalt, gjerne post og.

For neste gong, få opplysa om frivilligarbeid i Integrerbar. Kanskje få dette på plass til kommande fadderveke?

Sak 7: Sosialt

Avslutningfester: MFU: Hulen 08.06 (Hulen under oppussing da, Tidi er alternativ)

Integrerbar: 10.06

Sak 8: Eventuelt

-Konteeksamen

Fjerne tidleg-eksamen. Forslag frå GEO om å fjerne det. Argumenta for det er krever arbeid frå professorane\forskarar\admnistrativt\institutt\ fakultet, auka kostnadane, auka karakterkrava til master grunna høgare snitt, fleire tar det, ekstrem auke i klagesaker.

Argumenta mot: Studentane gjer det betre, § 4.3 (5.3) seier at studentane har krav på begrunnelse på eksamene sine. Har motargument på alle GEO sine argument, opp til fleire motargument mot eksisterande argument. GEO's argument er basert på deiras meir unike situasjon, kvar det er eit høgare krav pga oljenæringa, som no sliter. Dermed har ikkje GEO den økonomiske støtta som ligg som dei hadde før.

Integrerbar: Prisane endrast til hausten, den vil auke ein lille smule.

Sak 9: Evaluering

Generelt sett nøgd stemning. Alt frå OK til vidunderleg